



TRE-
seminaret

TREseminaret 2017

24.– 30. april

TREseminaret.no




"TREseminaret på Dovre- respekt for tradisjonar, blikk mot framtida og ein god stad å vera"

TREseminaret på Dovre er eit arrangement med høgt fagleg innhald med mål om å utvikle regional og nasjonal kompetanse innan restaurering, trebyggeri og handverkstradisjonar relatert til bruk av tre og skog. Arrangementet har fokus på ressurs, produktutvikling og materialbruk.

TREseminaret skal gje deltakaren fagleg utbytte, høve til å møte andre med same interesse og byggje nettverk for seg sjølv eller si bedrift. Arbeidsforma er opplæring gjennom praktiske kurs i kombinasjon med faglege foredrag.

TREseminaret ønskjer å skape eit folkeleg engasjement for handverkstradisjonar i regionen gjennom gode publikumsarrangement som skal bidra til å skape tru på tradisjonskunnskap som god basis for lønnsam næringsutvikling.



TREseminaret går av stabelen i veke 17 kvart år og vert arrangert for 13 gong i 2017. Nærare 150 handverksinteresserte samlast årleg på TREseminaret.

Under TREseminaret er det fleire arrangement som er opne for alle besøkjande utan at ein må vera kursdeltakar.

Det er høve til å delta på kveldsforedrag med blant anna tema som: lafting, tørrmuring, vedfyrt bakaromn, praktisk rekning i hus- og båtbygging og betraktningar rundt handverk før og nå.

Skule-NM i treskjerar - og smedfaget blir halde 27.april, og gjenstandane frå meisterskapet vert stilt ut. Lesja Husflidslag stiller ut trykkblokker til trykking på skinn og trykktøy.

Barn og unge

TREseminaret legg vekt på formidling av tradisjonshandverk også til barn og unge. Verkstadtilbod for barn og unge er eit fast innslag og det blir gjeve tilbod til ungdomsskule og barnetrinn i regionen. Alle kurs gratis for barn– ungdom, og er ein del av UNG HUSFLID satsinga i Norges Husflidslag.

Det blir halde kurs i:

- GJER EIT SPIKK! spikke i rått tre
- SMI MEDAN JERNET ER VARMT! smi i stål
- SÅ FLISA FYK! Tredreing

Annleis veke for byggfagelevar

Elevar frå byggfag på vidaregåandeskuler i Oppland er inviterte til å arbeide med eit eiga byggeprosjekt heile veka, og få inspirasjon til å skolere seg innan tradisjonshandverk.



TREseminaret er eit samarbeid mellom Senter for bygdekultur, Handverksskolen, Dovre handverksenter, Norges Husflidslag og Studieforbundet kultur og tradisjon.

Påmelding www.TREseminaret.no

Kurstilbod i 2017:

- Lafting
- Treskjæring
- Bygging av vedfyrt bakaromn
- Møbelsnekring
- Tørrmuring
- Skjær dine egne trykkblokker
- Skog, tre og material
- Tradisjonelle målingsteknikkar
- Smiing
- Handverkssafari

Eit samarbeid mellom:

